

# Årsrapport 2013

## Kyrkjerådet Mellomkyrkjeleg råd Samisk kyrkjeråd

Direktørens rapport til Kyrkjerådet



DEN NORSKE KIRKE / DEN NORSKE KYRKJA

Kirkerådet / Kyrkjerådet

Mellomkirkelig råd / Mellomkyrkjeleg råd

Samisk kirkeråd / Samisk kyrkjeråd / Sámi girkoráddi

**Årsrapport 2013**  
**Dei sentrale kyrkjelege råda**

© Kyrkjerådet, mars 2014

ISBN 978-82-7545-121-5

Kyrkjerådet  
Postboks 799 Sentrum  
0106 Oslo  
Tlf.: 23 08 12 00

Produksjon: Kyrkjerådet si kommunikasjonsavdeling

Omslagsfoto:  
Frå Trusopplæringskonferansen 2013  
(Foto: Torstein Ihle)

## Innhald

Forord .....	5
Om Kyrkjemøtet .....	6
Om Kyrkerådet .....	6
Medlemsutvikling og dåp .....	7
Om rapportering på mål for Den norske kirke .....	8
Direktørens rapport til Kirkerådet .....	8
Et helhetskirkelig perspektiv .....	9
En overgangsfase .....	9
Målstyrings- og rapporteringsregimer .....	9
Kirkemøtets satsingsområder .....	10
1. Stat – kirke .....	11
Ny valgordning .....	11
Arbeidsgiveransvar for prester .....	11
Ny kirkeordning .....	12
2. Barn, unge og trusopplæring .....	13
Trusopplæring til alle .....	13
Tilbod og deltaking .....	14
Kyrkje 18-30 .....	15
3. Gudstjenesteliv .....	16
Fleksibilitet og valgfrihet .....	16
Salmebok 2013 .....	17
Deltakelse på gudstjenester .....	17
4. Organisasjon og forvaltning .....	18
Lokal organisasjonsutvikling .....	18
Refleksjonsprosess om fremtidig kirkeordning .....	19
Kirkestatistikk .....	19
Rekrutteringssituasjonen .....	19
5. Diakoni .....	20
Fleire diakonistillingar – Samhandlingsreforma .....	20
Kriseberedskapen i kyrkja .....	21
Førebygge overgrep .....	21
Inkludering .....	22
Kjønn og likestilling .....	22

Skaparverk og bærekraft .....	23
6. Kultur og kyrkjemusikk .....	24
Kyrkje og kultur .....	24
Koralbok .....	25
Kyrkjebygg .....	26
7. Økumenikk og internasjonale spørsmål (MKR) .....	26
Økumeniske generalforsamlinger .....	26
Vår lutherske identitet .....	27
Interreligiøst samarbeid .....	28
Diakonale oppdrag globalt .....	29
Asylpolitikk og integrering.....	30
Misjon.....	31
8. Samisk kirkeliv (SKR) .....	31
Samiske kirkedager.....	31
Trosopplæring og ungdomsarbeid .....	32
Strategiplan og liturgier.....	33
Etter- og videreutdanning .....	33
Forsoningsarbeid .....	34
Internasjonalt urfolksarbeid.....	34
9. Kommunikasjon og IKT .....	34
Kommunikasjonsplattform for Den norske kirke .....	34
Kirken i media.....	35
Omdømme .....	36
Kirkenettet.....	37
Internkommunikasjon .....	38
IKT-eierskap og styring .....	38
Kirkepartner.....	39
Utviklingsprosjekter .....	39
Medlemsregister .....	40

## Forord

Av Jens-Petter Johnsen, direktør i Kirkerådet

2013 har vært et nytt begivenhetsrikt år for Den norske kirke. Fra kirkens mange arbeidsfelt vil jeg løfte fram noen få ting særskilt:

### Kirken skårer høyt

Innbyggerundersøkelsen 2013 ga Den norske kirkes ansatte og frivillige god grunn til stolthet og glede. Kirken skårer veldig høyt på Direktoratet for forvaltning og IKTs (Difi) undersøkelse av folks tilfredshet med ulike offentlige tjenester. Sist gang undersøkelsen ble gjennomført, var i 2010. Det er gledelig at kirken gjør det enda bedre i 2013 enn i 2010. Den lokale presten og kirkens øvrige ansatte skal ha mye av æren for at kirken kommer så godt ut av undersøkelsen. Dette viser at kirken har medarbeidere med stort engasjement for sine medmennesker.

### Ny salmebok

Første søndag i advent tok Den norske kirke i bruk den nye *Norsk salmebok 2013*. Dette er en kulturbegivenhet som er blitt møtt med glede og begeistring langt utenfor kirkerommet. Den nye salmeboken har en langt større sjangerbredde enn tidligere salmebøker. Her står de tradisjonelle salmene side om side med gospel, spirituals, såkalt moderne lovsang, viser, afrikanske, latin-amerikanske og asiatiske salmer. Endelig er også salmer på de tre samiske språkene og kvensk inkludert i salmeboken.

### Stat – kirke

Det er nå bred enighet om at Den norske kirkes biskoper, proster og prester ikke bør ha staten som arbeidsgiver. Kirkemøtet 2013 ga Kirkerådet mandat til å sette i gang arbeidet med å forberede kirken på å bli arbeidsgiver for de statlig tilsatte i kirken. Departementet har i løpet av året fått tilsvarende mandat fra politisk ledelse til å utrede en virksomhetsoverdragelse av statlig tilsatte til kirken. Det er god dialog mellom Kirkerådet og departementet om dette.

### Samiske kirkedager

Samiske kirkedager ble arrangert i Mo i Rana 9.-11. august. Samisk kirkeråd var hovedarrangør for et ambisiøst og flott gjennomført arrangement. Kirkedagene har synliggjort og inspirert samisk kirkeliv som en livskraftig og likeverdig del av Den norske kirke, styrket samiskkirkelig fellesskap over landegrensene og løftet urfolksdimensjonen i Den norske kirkes arbeid.

### Økumeniske generalforsamlinger

Den norske kirke er mer verdensvid enn norsk, og samtaler og møter med trossøsken verden over utfordrer oss. Vi er majoritetskirke i et rikt land og har mye å lære av andre. Kirkenes verdensråds generalforsamling i Sør-Korea ble et stort løft for den økumeniske bevegelsen. Aldri har den økumeniske bredden i deltakelsen vært større. På generalforsamlingen til Konferansen av europeiske kirker (KEK) ble det formulert et mål om å støtte medlemskirkenes kristne vitnesbyrd i et Europa preget av sekularisering, migrasjon, multikulturelle samfunn og sosial og økonomisk krise.

Denne utfordringen banker også på våre lokale kirkedører. Den norske kirkes kristne vitnesbyrd bæres fram og leves først og fremst lokalt. De sentrale kirkelige organenes oppgave er å støtte opp under og legge til rette for det. Vi vil være til for menighetene.

## Om Kyrkjemøtet

Kyrkjemøtet er Den norske kyrkja sitt øvste representative organ. Kyrkjemøtet samlast til eitt møte i året og er sett saman av medlemmene av bispedømeråda og leiaren av Samisk kyrkjeråd, til saman 115 delegatar.

Leiaren i Mellomkyrkjeleg råd, rektorane ved dei tre teologiske fakulteta og fire representantar frå Ungdommens kyrkjemøte har tale- og forslagsrett. Kyrkjemøtet 2013 var samla i Kristiansand 11.-16. april. 12 sakar vart handsama. Blant desse var:

- Forslag til endringer i kirkeloven
- Kirkeordning etter 2013
- Kyrkje 18/30
- Velsignelse av hus og hjem
- Skråstola for diakoner
- Økumeniske generalforsamlinger 2013
- Valgordninger for de kirkelige valg
- NOU 2013: Det livssynsåpne samfunn, Stålsettutvalget
- Forsvarlig etisk forvaltning av norske petroleumsressurser og bruk av oljefondet

## Om Kyrkjerådet


Kyrkjerådet har 15 medlemmer. Preses i Bispemøtet er blant desse. Alle bispedømeråda er representerte i rådet. Kyrkjerådet førebur sakene som skal fremjast for Kyrkjemøtet og leiar arbeidet mellom Kyrkjemøtet sine samlingar. I 2013 hadde Kyrkjerådet 5 møter og rådet handsama 72 saker. Leiar i Kyrkjerådet er Svein Arne Lindø.



*Kyrkjerådet fotografert etter valet på Kyrkjemøtet 2012.*

## Medlemsutvikling og dåp

Når vi skriv årsrapporten frå Kyrkjerådet, er ikkje årsstatistikken for 2013 klar enno. Dei førebelse tala stadfestar likevel tidlegare tendensar. Andelen av befolkninga som høyrer til Den norske kyrkja går ned. Årsaka er truleg at auka i folketalet er større i grupper av befolkninga som ikkje høyrer til Den norske kyrkja. Talet på menneske som er medlemmer i Den norske kyrkja held seg nokolunde stabilt, sjølv om dette også sakte blir lågare.



Kilde: SSB


Vi bør likevel følgje dåpstala nøye. Det er ved dåp den viktigaste rekrutteringa av medlemmer skjer. Oppslutninga om dåpen er framleis høg blant Den norske kyrkja sine medlemmer. Nærare 85 prosent av medlemmene vel å døype barna sine. Men tendensen er at det ikkje lenger er like sjølvstøtt å velje dåp. Dåp er korkje sosialt eller kulturelt naudsynt. Det er positive sider ved dette. Dåp er eit val, og for unge foreldre er dåp eit positivt grunngeve val. Kyrkja må halde fram og anerkjenne dei positive motiva.

Ein del foreldre ynskjer å la barna ta valet sjølv når dei er religiøst myndige. I 2012 blei 1700 14-16-åringar døypt, dei fleste i samband med konfirmasjon. Dette er gledeleg. Samstundes bør kyrkja merka seg argumentet. Den milde innfallsvinkelen, at dei unge bør få velje sjølv, har brei atterklang i kulturen og blir delt av kyrkja. I det offentlege ordskiftet blir det like fullt og ofte sterkt snakka om at dåp av små barn er eit angrep på religionsfridomen deira. Oppfatninga blir ikkje støtta av lovverket, og ho bryt med læra i kyrkja om både dåpen og menneske. Men argumentet om at dåp er eit angrep på barns sjølvråderett, og som ein difor er kritisk til, har gjenklang i fleire leire. Kyrkja må difor ta desse diskusjonane alvorleg.

Ein praktisk konsekvens av at dåp blir valt bort, er at barnet ikkje automatisk blir invitert med i trusopplæringa i kyrkja. Årsaka til at ikkje-døypte vel konfirmasjon (og dimed også dåp), er truleg den sterke stillinga konfirmasjonen har i kulturen. Det er ikkje like sjølvstøtt at foreldra oppdagar og oppsøker kyrkja sitt tilbod om trusopplæring til yngre barn. Formelt sett er ikkje dei udøypte barna omfatta av trusopplæringsreforma heller.

Dette gjeld kyrkja sitt arbeid med trusopplæring som er grunngeve i oppdraget med å døype og lære. Sett frå den andre sida, kan kyrkjelyden sitt arbeid med trusopplæring tene som motivasjon og grunngeving for dåp.

Dåp gir barnet eit tilbod som skulen ikkje gir. Barnet blir invitert til kultur- og tradisjonsformidling i kyrkja og får del i eit pedagogisk tilbod som kan ta i bruk andre verkemiddel enn det skulen kan. Mange foreldre set pris på dette. Her ligg det truleg eit stort potensial for rekruttering til dåp.



Kilde: SSB

Utviklinga av medlemstala i Den norske kyrkja er tett knytt opp mot oppslutninga om dåpen. Tiltak som kan motivere til og grunnje dåp positivt bør difor utviklast og setjas i verk. Her treng vi meir innsikt i kvifor nokre foreldre vel dåp og andre ikkje. Vi treng også meir kunnskap om kvifor unge – og vaksne – vel dåp. Dåp bør også løftast fram i folk sin medvit gjennom målretta kommunikasjonstiltak. Dette vil vekke opp motdebattantar, men samstundes bidra til ei medviten og positiv grunnjeving hos dei som vel dåp.

Dåp og dåpstal angår alle kyrkjelyder i Den norske kyrkja. Ei felles merksemd om rekruttering til dåp har potensial til å virke samlande og motiverande på alle nivå i kyrkja.

## Om rapportering på mål for Den norske kirke

I 2012 ble Grunnloven og Den norske kirkes relasjon til staten endret. Det følger av Den norske kirkes egenart som trossamfunn, at kirkelige styringsorganer fastsetter mål og strategier for den kirkelige virksomheten på selvstendig grunnlag. Disse kommer til uttrykk gjennom visjon og satsingsområder vedtatt av Kirkemøtet, Kirkemøtets vedtatte planer og strategier samt Kirkerådets budsjettprioriteringer.

Kirkerådet, Mellomkirkelig råd og Samisk kirkeråd har sitt oppdrag fra Kirkemøtet, men Kirkemøtet har etter gjeldende ordning ikke budsjettansvar. Med unntak av ytterst begrensede fondsmidler ervervet etter søknad og noen egne inntekter fra salg av materiell, er de sentrale kirkelige organenes virksomhet finansiert av staten.

## Direktørens rapport til Kirkerådet

Kirkerådets direktør er daglig leder av de sentrale kirkelige rådernes virksomhet. Direktøren har etter gjeldende ordning to myndigheter å rapportere til: Som direktør for et statlig forvaltningsorgan



rapporterer han på tildelingsbrevet, til departementet. Som daglig leder av de sentrale kirkelige organene, rapporterer han på vedtatt årsplan, til Kirkerådet, som legger direktørens rapport fram for Kirkemøtet til orientering. Herværende rapport er direktørens rapport til Kirkerådet. Denne følger som vedlegg til direktørens rapport til departementet.

Etter gjeldende ordning er Kirkerådet fortsatt å forstå som statlig forvaltningsorgan og som sådan underlagt statlige rapporteringskrav. Departementets styringskrav til Kirkerådet meddeles i det årlige tildelingsbrevet. I tildelingsbrevet for 2013 forutsetter departementet at Kirkerådets «virksomhet for øvrig» følger av Kirkemøtets målsettinger, planer og vedtak.

## Et helhetskirkelig perspektiv

Målstyrings- og rapporteringsregimene ble tatt opp i styringssamtalen mellom departementet og Kirkerådet våren 2013. Her ble det pekt på at selv om Kirkemøtet fastsetter satsingsområder for Den norske kirkes virksomhet, ligger virkemidlene i stor grad hos andre organer, som bispedømmerådene, biskopene, fellesrådene og menighetene. På denne bakgrunnen ble det drøftet om årsrapporten til Kirkerådet bør inneholde resultatvurderinger og eventuelle strategiske grep for hele virksomheten eller begrense seg til den delen av virksomheten som Kirkemøtet/Kirkerådet har myndighet over eller disponerer ressurser til. I referatet fra styringssamtalen skriver departementet:

«Etter departementets syn bør Kirkerådet i framtidige årsrapporter kunne gå lengre i å analysere kirkens situasjon og vurdere eventuelle strategiske grep, ut fra et helhetskirkelig perspektiv».

Departementet gir her uttrykk for et syn som kirkelige organer bør ta nærmere stilling til. Det er direktørens oppfatning at utviklingen av et hensiktsmessig målstyrings- og rapporteringsregime for kirkens ulike enheter må henge sammen med utviklingen av ny kirkeordning.

## En overgangsfase

Forfatningsreformen 2012 og den ventede forvaltningsreformen endrer myndighetsforholdene i kirken. Dette får konsekvenser for styrings- og rapporteringsregimene i virksomheten. Disse har ikke funnet sin hensiktsmessige form for framtiden ennå. Kirkens ulike myndighets- og styringsorganer befinner seg i en forvaltningsmessig overgangsfase, som gjør arbeidet med mål, planverk og rapportering utfordrende og tidvis ulogiske.

De endrede relasjonene må få adekvate uttrykk i endrede styrings- og rapporteringsregimer også i den overgangsfasen kirken nå er i. Kirkerådet samarbeider med departementet og bispedømmerådene om dette. Hvem som i en tid preget av overgang og midlertidighet kan og skal fastsette mål for hva, og hvem som rapporterer hvor på hvilken måte, krever imidlertid både fortolkning og forhandlinger. Etter gjeldende ordning finner disse sted både i styringssamtale med departementet og i Kirkerådet.

## Målstyrings- og rapporteringsregimer

Et statlig målstyringsregime er ikke nødvendigvis kirkens foretrukne form. Målstyring i offentlig forvaltning er omdiskutert og tidvis diskreditert. Her har de statlige etatene i dag et pedagogisk problem. Det er viktig at kirkelig tilsatte får se og helst erfare verdien av det regimet de blir en del av. Finansieringen av Den norske kirke gjør at staten (og kommunene) også i framtiden vil ha legitime behov for styring og krav til rapportering. Når politiske myndigheter er i mindre inngrep med styringen av kirken, vil kirken måtte sannsynliggjøre behov og synliggjøre resultater i minst like sterk

grad som i dag. Kirkemøtets myndighetsområder vil dessuten endres, noe som også vil gi Kirkemøtet andre behov for styringsverktøy.

Årets rapport fra direktøren til Kirkerådet tilfredsstillende neppe departementets føringer på alle punkter. Dette skyldes i noen grad manglende kapasitet, kanskje også manglende oppgaveforståelse. Direktøren erfarer samtidig at det reelt sett er noe kryssende hensyn som skal ivaretas når det er to myndigheter det skal rapporteres til. Fjorårets journalistisk bearbejdede rapport til Kirkerådet, fikk god mottakelse i Kirkerådet, som ga uttrykk for at den ga lesbar og god oversikt over virksomhetens mange arbeidsfelt og utfordringer. Årets rapport søker fortsatt å ivareta dette hensynet samtidig som den gjør sammenhengen med de statlige rapporteringskravene noe tydeligere.

Arbeidet med rapporteringen avdekker imidlertid behovet for et grundigere arbeid med hva som er hensiktsmessige styrings- og rapporteringsregimer for Den norske kirke.

## Kirkemøtets satsingsområder

Kirkelovens formålsbestemmelse for Kirkemøtet er formulert slik:

«Kirkemøtet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på saker av felles kirkelig karakter og ellers på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene, og det skal fremme samarbeidet innen Den norske kirke. Som øverste representative organ i Den norske kirke fastsetter Kirkemøtet alle gudstjenstlige bøker i Kirken. Kirkemøtet skal verne og fremme samisk kirkelig liv og ivareta Den norske kirkes internasjonale og økumeniske oppgaver». Kirkeloven § 24

Kirkerådet skal legge til rette for at Kirkemøtets mål og strategier kommer til anvendelse i menighetene. Ivaretagelsen av samisk kirkelig liv og de internasjonale og økumeniske oppgavene er lagt til Samisk kirkeråd (SKR) og Mellomkirkelig råd (MKR), se kapitlene 7 og 8 under.

Kirkemøtet har vedtatt følgende fem satsingsområder for virksomheten i perioden 2009-2014:

- Diakoni
- Kirkemusikk og kultur
- Barn og unge
- Gudstjenesteliv
- Samisk kirkelig liv

Satsingsområdene utgjør hovedarbeidsområder i Kirkerådet. Det rapporteres på arbeidet med satsingsområdene i kapitlene under. I tillegg har Kirkerådet konsentrert sitt arbeid med saker av helhetskirkelig karakter i ytterligere tre hovedområder: Stat – kirke (kapittel 1), Organisasjon og forvaltning (kapittel 4) og Kommunikasjon og IKT (kapittel 9).

# 1. Stat – kirke

## Hovedmål:

- a) Følge opp den politiske avtalen i Stortinget (10.4.2008).
- b) Gi kirkens organer en sterkere demokratisk legitimitet og forankring blant kirkemedlemmene gjennom nye valgeregler.
- c) Utvikle ny kirkeordning med nye relasjoner mellom stat og kirke.

**Avtaleperioden for kirkeforliket, som partiene på Stortinget inngikk i 2008, gikk ut ved Stortingsvalget 2013. Endringene i Grunnloven og endrede bestemmelser i kirkeloven legger grunnlag for en samlande, framtidsrettet og varig løsning på forholdet mellom staten og Den norske kirke.**

## Ny valgordning

Delmål	Samarbeide med partiene på Stortinget om behandling av lovforslag om kirkens valgordning
Resultatmål	Utarbeide forslag til uttalelse fra Kirkemøtet om lovproposisjonen som sak til Kirkemøtet 2013
Indikator	Stortinget vedtar tjenlige bestemmelser om Kirkens valgordninger i Kirkeloven

Nye valgeregler for Den norske kirke ble vedtatt av Stortinget i juni. Hele kirkens organisasjon har vært opptatt av å styrke de valgte organenes demokratiske legitimitet. Den norske kirke har ved dette utviklet seg i retning av å opptre som et selvstendig trossamfunn i Norge.

Kirken har gjennom valgordningene og internkirkelige, demokratiske prosesser utviklet en sterkere lojalitet til egne organers beslutningsmyndighet. For å oppnå dette, har det vært lagt stor vekt på å legge til rette for åpne debatter, rom for uenighet og transparente beslutningsprosesser.

Som det øverste representative organ i Den norske kirke, bærer Kirkemøtet et beslutningsansvar for saker som angår hele kirken. Nye valgordninger for valg til bispedømme og Kirkemøtet har medført at disse organene har fått en sterkere demokratisk legitimitet.

*Delmålet er nådd.*

## Arbeidsgiveransvar for prester

Delmål	Utarbeide forslag til endring av kirkeordningen med vekt på overdragelse av arbeidsgiveransvaret for prestene til kirkelige organer og etablering av Den norske kirke som rettssubjekt
Resultatmål	Ferdigstille sak til Kirkemøtet: <i>Kirkeordning etter 2013</i> (KM 05/13)
Indikator	Kirkemøtet peker ut en retning for arbeidet

Etter grunnlovsendringene er det etablert en rettstilstand for Den norske kirke som har en midlertidig karakter. Kirkemøtet har i sak KM 10/11 pekt på at Den norske kirke raskt må etableres som et eget rettssubjekt og at arbeidsgiveransvaret for alle kirkelig ansatte må overføres til kirken. Dette ble bekreftet av Kirkemøtet i 2013 (KM 05/13). Vedtaket gir Kirkerådet mandat til å sette i gang arbeid med å forberede en virksomhetsoverdragelse fra stat til kirke. Kirkerådet ser imidlertid at en til nå bare befinner seg i en oppstartsfase av en større utvikling med store og til dels noe ukjente konsekvenser.

I den politiske plattformen til den nye regjeringen utgått fra Høyre og Fremskrittspartiet, heter det:

«Både samfunnet, kirken og staten er best tjent med et tydelig skille mellom kirke og stat. Regjeringen legger vekt på at Den norske kirke er av stor betydning for mange nordmenn, og vil føre en politikk som sørger for at kirken opprettholder statusen som en folkekirke for alle.»

Departementet har dermed politisk mandat til å starte utredningsarbeid med tanke på en virksomhetsoverdragelse av statlig tilsatte kirkelige medarbeidere. Dette støtter opp under Kirkerådets arbeid med det samme. Kirkerådet erfarer samarbeidet med departementet som godt.

Kirkerådet vedtok i KR 35/13 å opprette et Arbeidsgiverutvalg for «statlig sektor» i Den norske kirke. Arbeidsgiverutvalget skal utgjøre den demokratiske arbeidsgivermyndigheten for forberedelse og gjennomføring av denne prosessen mot opprettelsen av Den norske kirke som rettssubjekt og overføring av arbeidsgiveransvaret for statlig tilsatte. Arbeidsutvalget i Kirkerådet utgjør dette utvalget. Arbeidsgiverutvalget rapporterer til Kirkerådet.

*Delmålet er delvis nådd. Det vil bli arbeidet videre med dette i 2014.*

## Ny kirkeordning

Delmål	Utrede konsekvenser av rettssubjektivitet for Den norske kirke
Resultatmål	Ferdigstille sak til Kirkemøtet: <i>Kirkeordning etter 2013</i> (KM 05/13)
Indikator	Kirkemøtet gir retning for arbeidet med fremtidig kirkelig organisering

Kirkerådet har av Kirkemøtet fått mandat til å utarbeide grunnleggende veivalg for fremtidig kirkelig organisering. Som et ledd i denne prosessen forbereder Kirkerådet også en sak om et øverste, særlig grunnleggende regelverk, en sak om «Den norske kirkes grunnlag» som Kirkemøtet kan behandle som det øverste trinn i det fremtidige kirkelige regelverket.

*Delmålet er ikke nådd i 2013. Det vil bli arbeidet videre med dette i 2014*

Om arbeid med fremtidig kirkeordning, se også kapittel 4. *Organisasjon og forvaltning.*

## 2. Barn, unge og trusopplæring

### Hovudmål:

Stimulere til livslang læring i kyrkja med utgangspunkt i dåpen slik at menneske kan leve og vakse i den kristne tru.

**Ein søkjer å realisere hovudmålet gjennom arbeidet med Trusopplæringsreforma, oppfølging av satsinga på aldersgruppa 18-30 år og organa for ungdomsdemokrati i Den norske kyrkja.**

### Trusopplæring til alle

Delmål	Trusopplæringsreforma skal førast vidare, med sikte på å utvikle eit systematisk og samanhengande trusopplæringstilbod for alle døypte mellom 0 og 18 år
Resultatmål	Sikre alle kyrkjelydar trusopplæringsmiddel
Indikator	Fullfinansiering av trusopplæringsreforma over Statsbudsjettet

Fullfinansiering av Trusopplæringsreforma har stått øvst på Kyrkjerådet si prioriteringsliste i budsjettbrev til departementet i mange år. Ein kommunikasjonskampanje våren 2012 retta søkjelyset på manglande løyvingar til reforma og hadde som mål å gjere reforma kjent for folk. Svaret kom i form av ein solid auke i budsjettet på 68 millionar kroner i forslaget til statsbudsjett for 2014. Dette kom frå den avtroppande regjeringa. Den påtroppande regjering plussa på med ytterlegare 15 millionar.

Statsbudsjett for 2014 med 315 millionar kroner til reforma gir dermed rom for at dei siste 20 prosent av sokna som har venta på midlar, no kjem med på same vilkår som dei som er fasa inn tidlegare. Såleis er ein viktig milepæl nådd.

Kyrkjerådet har rekna ut at ein fullfinansiert reform i 2013 krev ein pris- og lønnsjustert ramme på 350 millionar. Kyrkjerådet ga difor følgjande kommentar til løyvinga i sitt møte i desember: *«Trusopplæringsreforma er ikke fullfinansiert i 2014. Dette forutsetter ytterligere bevilgninger i kommende år».*

Arbeidet med gjennomføring av Trusopplæringsreforma skjer like fullt i tråd med dei ordningar og planar som er etablert i eit godt samvirke med bispedømmeråda. I samband med 10-årsmarkeringa for Stortingsvedtaket om reforma deltok kyrkjeleg og politisk leiing og reforma fikk positiv merksemd.

Trusopplæringskonferansen 2013 samla i november om lag 1500 deltakarar på Norges Varemesse under overskrifta «Ringer i vann». Konferansen løfta fram verknader Trusopplæringsreforma har hatt i ti år og den betydinga trusopplæringa har for barn og unge, kyrkja og samfunnet. Dette blei feira.

## Tilbod og deltaking

Det er eit mål at alle døypte i Den norske kyrkja skal få tilbod om 315 timer trusopplæring fram til dei er 18 år. Dette er eit ambisiøst mål som NOU 2000:26 rekna ut til å koste 550 millionar i 2000-kroner. I sokn med godkjende planar blei det planlagt å gi eit trusopplæringstilbod på i snitt 278 timer i 2013. Faktisk gjennomføring syner at det ifølgje rapportane frå sokna, blei det gitt tilbod om 203,4 timer. Snittet i materialet som er rapportert inne er gått ned sidan 2012, då tilsvarande tal var 210.

Nedgangen i timetalet forklarast med auka i talet på sokn som er tatt inn i driftsfasen i løpet av 2013. Kyrkjerådet har likevel forventa at gjennomførte timer vil auke ettersom kyrkjelydens tilbod blir innarbeidd.

Oppslutninga om dei ulike trusopplæringstiltaka varierer. Konfirmasjonen står sterkt, men også nye breiddetiltak som Lys Vaken og Tårnagenthelg har fått god oppslutning i løpet av relativt kort tid.

Vi har samanlikna deltakinga ved eit utval trusopplæringstilbod i sokn som har godkjend plan. Og desse tala har gått noko opp sidan i fjor. KIFO (Stiftelsen Kirkeforskning) har analysert oppslutningstala i forhold til kor lenge kyrkjelydane har arbeidd med å utvikle eit fornya tilbod. Tendensen er at i dei kyrkjelydane som har vore med i reforma lengst, er oppslutninga noko lågare enn gjennomsnittet i landet. Dette kan tyde på at det er ei utfordring å halde interessa hos målgruppene oppe når tilboda ikkje lenger har interesse som nyhende. Slitasje i kyrkjelyden ved å gjennomføre eit omfattande tilbod år etter år kan også bety noko saman med den totale ressursituasjonen i sokna. Det er samstundes viktig å halde fast ved at det totale talet på barn og unge som deltek på trusopplæringstiltak aukar for kvart år som kyrkjelyden bygger ut sitt tilbod.

Gjennomsnittlig deltakerandel ved et utvalg trosopplæringstilbud i menighetene med godkjent plan	
Dåpssamtale	99 %
4-årsbok	48 %
Breiddetiltak for 6-åringar	29 %
Tårnagenthelg	25 %
Lys Våken	27 %
Konfirmasjon	87 %
Breiddetiltak året etter konfirmasjon	19 %
Samlet	49 %



Heilage tre kongars-fest er eitt av prosjekta i "Saman i kyrkja" i Elverum. (Foto: Hege Midthun.)

Bispedømme rapporterte om 221 godkjende planar i 2012. I 2013 blei det rapportert om 182 nye godkjende planar. Det samla talet er då oppe i 403. Talet på godkjende planar er ikkje det same som

talet på kyrkjelydar som arbeider ut i frå godkjende planar, for fleire kyrkjelydar samarbeider om planarbeidet i trusopplæringa.

At alle landets kyrkjelydar no er i ferd med å utvikle og gjennomføre eit fornya og utbygd tilbod til alle døypte barn og unge, betyr mykje på fleire vis. Trusopplæringa gjer til at kyrkjelydane jamleg er i kontakt med sine døypte medlemmer og deira familiar. Trusopplæringsarbeidet involverer eit høgt tal på frivillige medarbeidarar og set preg på gudstenestelivet ved mange høve i løpet av kyrkjeåret.


Kyrkjerådet arbeider heile tida med å utvikle ressursar for planarbeid og utøvande trusopplæring. Fagmiljøa deltek i dette gjennom utviklingsprosjekt og nettverksarbeid. 10 år etter at reforma blei vedteke er det grunn til å glede seg over kva reforma betyr for dei mange barn, unge og kyrkjelydane som er omfatta av den.

Frå 2014 skal altså kvart einskilde sokn fasast inn i reformarbeidet. Utfordringa er å stimulere til ei god utvikling og arbeid etter plan for trusopplæring. Og planen har eit ambisiøst mål både når det gjeld innhald, omfang og oppslutning om tilbodet.

*Delmålet er delvis nådd.*

## Kyrkje 18-30

Delmål	Utvikle strategi, medvit og kunnskap om korleis ein kan vere ei livsnær og relevant kyrkje for unge vaksne, og skape auka deltaking og engasjement
Resultatmål	Produsera relevant ressursmaterieil
Indikator	Etterspurnad, utbreiing og bruk av materiellet



Kyrkjemøtesaka *Kyrkje 18-30* (KM 06/13) sette søkjelyset på korleis Den norske kyrkja kan vere ei livsnær og relevant kyrkje for unge vaksne. Arbeidet blir ført vidare av ulike aktørar med fagutvikling og tiltak.

Antologien *Livsnær, relevant, tilgjengelig* var vedlegg til kyrkjemøtesaka, slik at alle delegatane fekk han. I tillegg blei om lag 100 trykte eksemplar sende til fagpersonar og fagmiljø, bispedømmeråd, organisasjonar og tidsskrift/magasin.

Antologien kan lastast kostnadsfritt ned frå nettsida [www.kirke18-30.no](http://www.kirke18-30.no). Det er ikkje kjent kor mange som har lasta ned antologien. I og med at dette ikkje er ein plan for Den norske kyrkja, men eit inspirasjonsdokument, er det ikkje noko rapportering knytt til dette arbeidet. Kyrkjerådet har dermed ikkje henta inn røynsler når det gjeld bruk av antologien. Tekstsamlinga er laga med tanke på bruk i kyrkjelyden, men Kyrkjemøtet meinte det

var feil bruk av pengar å trykke opp og sende antologien ut til alle norske sokn. Det er difor i staden brukt andre ressursar på å gjera materiellet kjent og tilgjengeleg.

Strategiarbeidet Kyrkje 18-30 er eit krevjande arbeid. Merksemda rettar seg mot ei mangfaldig målgruppe og har relevans for mange arbeidsfelt i kyrkja. Kyrkje 18-30 handlar om utvikling av

materiell, men også om heving av kompetanse. Vidare dreier det seg om organisering av og samarbeid mellom ulike teneste, lokalt engasjement og fagutvikling. Alt dette utfordrar til dømes sjelesorga, diakonien og gudstenesta.

Frå sentralt hald blir det utvikla tiltak og metodikk, og det blir lagt til rette for deling av røynsler. Likevel er det ei utfordring å sikre at kyrkjelyden er engasjert, medviten og får auka deltaking på sine arrangement. Ein måte vi kan gjere det på, er å velje ut einskilde kyrkjelydar til å prøve ut tiltak eller metodikk. I 2013/2014 blir det utvikla to tiltak som skal testast ut i kyrkjelydar i 2014. Det vil kome rapportar frå dette. Tiltaka handlar om 1) Å vakse i trua, og 2) Om å vere par og foreldre – eit tilbod til dåpsforeldre.

*Delmålet er delvis nådd.*

### 3. Gudstjenesteliv

#### Hovedmål:

- a) Forny kirkens gudstjenesteliv etter de mål som Kirkemøtet og Kirkerådet fastsetter.
- b) Utarbeide gudstjenestemateriell på de tre samiske offisielle språkene sørsamisk, lulesamisk og nordsamisk.

**Kirkens gudstjenesteliv har i 2013 gjennomgått viktige reformprosesser som Kirkerådet har vært i nær kommunikasjon med. De aller fleste menighetene har utformet, fått godkjent og tatt i bruk en lokal grunnordning for gudstjenestelivet. Antall nattverdeltakere viser en jevn økning de siste årene, mens antall avholdte gudstjenester og samlet antall gudstjenestedeltakere er synkende.**

Delmål	Gi rom for større fleksibilitet og valgfrihet i menighetene, mer involvering fra flere deltakere og sterkere stedlig forankring av gudstjenestelivet
Resultatmål	Utgivelse av Salmebok 2013
Indikatorer	a) Gjennomsnittlig deltakelse pr gudstjeneste b) Gjennomsnittlig deltakelse pr gudstjeneste på søn- og helligdager


#### Fleksibilitet og valgfrihet

Gudstjenestereformens målsetning om mer involvering fra flere deltakere som medliturger, er allerede i ferd med å bli realisert i mange menigheter. Nye personer er blitt trukket inn i arbeidet med gudstjenestens bønner, tekster, musikk og om hvordan liturgiens handlinger skal utformes.

Den store fleksibilitet og valgfrihet som preger gudstjenestereformen har samtidig vist seg å stå i motsetning til ønsket om alles involvering i gudstjenesten. Dette gjelder særlig utprøvingen av ny liturgisk musikk, som har ført til at mange ikke kan delta i sangen når de er på gudstjeneste i en nabomenighet, som har valgt annen liturgisk musikk. Kirkerådet sendte derfor ut et veiledningsbrev



til menighetene om dette etter at Kirkerådet hadde drøftet saken *Status for gudstjenestereformen* (KR 32/13).




### Salmebok 2013

Den nye salmeboken, som er viktig for gudstjenesten, men også for den enkelte og hjemmene, er blitt godt mottatt. Den ivaretar både hensynet til å videreføre godt innsungne salmer og innføre nye salmer innenfor ulike sjangre. Mange menigheter tok i bruk den nye salmeboken fra 1. søndag i advent 2013, mens andre menigheter har vedtatt å innføre den i løpet av 2014. Mange steder har man arrangert egne salmekvelder og feiret den nye salmeboken.

### Deltakelse på gudstjenester

I følge Kifo sin tilstandsrapport for Den norske kirke 2013 ble det i 2012 avholdt ca. 700 færre gudstjenester enn i 2011. Totalt ble det avholdt 64 852 gudstjenester og tallet på besøkende gikk ned med nesten 250.000. Tallene for 2013 er ikke klare ved fristen for årsrapportering.

Foreløpige tall fra 2013 (Bjørgvin og Tunsberg mangler) viser et gjennomsnitt på 94 deltakere pr gudstjeneste. Dette er samme tall som i 2012. På søn- og helligdager er det foreløpige tallet en anelse bedre enn i 2012. Gjennomsnittlig deltakelse er her 99. I 2012 var tallet 98,2.



Den mest markerte utviklingstendensen i gudstjenestedeltakelsen de siste årene er at antall gudstjenester går ned. Samlet gudstjenestedeltakelse synker tilsvarende. Dette har sammenheng med lokale arbeidsforhold og økonomi. Særlig ser det ut til at flere gudstjenester på 2.dagene samlokaliseres i prostiet samt at gudstjenestefrekvensen trappes noe ned der befolkningsgrunnet er svekket vesentlig over tid.

Snitt besøkende pr gudstjeneste er noenlunde stabilt. Det vil si at så langt har gudstjenestereformen i liten grad ført til økning i gudstjenestedeltakelsen. Det er imidlertid en markert økning i antall gudstjenester med nattverd og i samlet nattverddeltakelse. Dette er en ønsket utvikling. I

Kirkemøtets behandling av gudstjenestereformen ble det lagt føring på at en normal hovedgudstjeneste feires med nattverd.

Mange av gudstjenestene som feires i tilknytning til trosopplæringstiltak inkluderer også nattverdfeiring. På bakgrunn av Kirkemøtets behandling av gudstjenestereformen, er nattverdfeiringen åpnet for alle døpte, også små barn. Flere utviklingstrekk tyder også på at den høye terskelen for å gå til nattverd som i mange tiår har preget norsk fromhetskultur, er i endring. Flere barn og voksne finner det naturlig å gå til nattverd i gudstjenesten. Dette er en ønsket utvikling.

Fremover vil det arbeides offensivt med å øke gudstjenestedeltakelsen i Den norske kirke.

Når det gjelder utvikling av samisk gudstjenestemateriell, se Samisk kirkeråds rapport, kapittel 8.

*Delmålet er nådd i form av måloppnåelse på resultatmål.*

## 4. Organisasjon og forvaltning

### Hovedmål:

- a) Ha oppmerksomhet på saker av felles kirkelig karakter.
- b) Legge til rette for lokal organisasjonsutvikling gjennom kompetanseheving og utviklingsarbeid.

**Den norske kirkes organisasjon er i endring. Endringsprosesser har potensiale i seg til å vitalisere og gi ny motivasjon og retning. Samtidig er risikoen for uro og energilekkasjer stor. Rekrutteringen til kirkelige stillinger avhenger av at folk ser på kirken som en trygg, god og meningsfull arbeidsplass som de kan identifisere seg med. Rekruttering, omdømmebygging og organisasjonsutvikling må derfor ses i sammenheng.**

### Lokal organisasjonsutvikling

Delmål	Samle og utbre kunnskap om lokal organisasjonsutvikling i menighetene
Resultatmål	Bidra til at kirkelige organer får tilgang til adekvat kompetanse for fremtidig endring og omstilling
Indikator	Gjennomføre prosjektet <i>Lokal organisasjonsutvikling</i> sammen med KA


Kirkerådet har sammen med KA ledet og gjennomført et 3-årig prosjekt *Lokal organisasjonsutvikling* fra 2011 til 2013. Lokalt er det flere steder identifisert et behov for endring, særlig i områder der de kirkelige forvaltningsorganene er små og sårbare.

Gjennom prosjektet er det blant annet opparbeidet kunnskap og kompetanse om drivkrefter og motkrefter i den kommunale finansiering, behandling av statistikk om lokal kirkelig aktivitet (styringsdata), endringsledelse ved lokale endringsprosesser og utvikling av et konkret

opplæringsprogram innen endringsledelse for lokalt og regionalt ansatte ledere. Et omfattende kurs for kirkelige ledere i tre bispedømmer (Borg, Tunsberg, Hamar) er gjennomført.

## Refleksjonsprosess om fremtidig kirkeordning

Kirkerådet har utarbeidet et sammendrag etter refleksjonsprosessen om fremtidig kirkeordning som ble gjennomført høsten 2012. Sammendraget, som var vedlagt saken om kirkeordning til Kirkemøtet 2013, gir et viktig bilde av den lokale kirkes behov for videre organisasjonsutvikling, uttrykk for problematiske sider ved dagens organisering samt forslag til justeringer og endringer Kirkerådet bør ta tak i fremover.



De nærmere 800 innspillene utgjør samlet sett et viktig grunnlag for det videre arbeid med å avklare mål, utforme strategier samt disponere ressurser med sikte på å utforme en robust og fremtidsrettet kirkeordning. At mange lokale organer benyttet anledningen til å sende innspill i prosessen, styrker Kirkemøtets samlede beslutningsgrunnlag, og det gir Kirkerådet avgjørende kjennskap til lokale organisasjonsbehov.

Innspillene fra refleksjonsprosessen utgjør også et viktig materiale for den evalueringen av kirkeloven som er igangsatt av departementet. Det er dessuten av stor betydning at alle som har deltatt i refleksjonsprosessen vil være mer forberedt når de i årene som kommer skal delta i høringer blant annet på konkrete løsningsforslag.

Om arbeid med fremtidig kirkeordning, se også kapittel 1. *Stat – kirke.*

## Kirkestatistikk

Kirkerådet ser et potensiale for å utnytte alle data som samles inn om Den norske kirke. En rekke data om sysselsetning, befolkning, frivillige medarbeideres innsats, tjenester og økonomi samles inn gjennom ulike rapporteringssystemer. Datasettene representerer samlet sett et betydelig kompetansegrunnlag både for analyse, planlegging og styring av kirkelig virksomhet, særlig når kirkelige data kan kobles mot demografiske data.

I dag er for lite ressurser prioritert til arbeidet med å systematisere og sette dataene sammen. Viktige utviklingstrekk som kan synliggjøres ved dette, blir ikke publisert. Dette medfører at kirkelige organer i beskjeden grad kan utnytte statistikken. En får ikke målt det arbeidet som er lagt ned på en tilstrekkelig måte og heller ikke brukt statistikk som styringsverktøy. Kirkerådet mener innhentede data kunne vært utnyttet i mye større grad.

## Rekrutteringssituasjonen

Kirkerådet ser med uro på rekrutteringssituasjonen i Den norske kirke – både at det i dag ikke er en overordnet og tilstrekkelig ledelse av rekrutteringsarbeidet og at behovet for rekruttering er stort. Kirkerådet mener selv å ha et overordnet ansvar for rekruttering, både til kirkelige studier og til kirkelige stillinger, men har i dag ikke prioriterte ressurser til å ivareta dette på en tilfredsstillende måte.

En hovedutfordring er at ivaretagelse at en samlet rekrutteringsinnsats etter Kirkerådets mening vil kreve store ressurser. Kirkerådet erkjenner at rekrutteringssituasjonen krever et større informasjons- og omdømmearbeid. En må koordinere innsats mellom mange kirkelige aktører, noe som vil kreve en

større organisering, og en må stimulere arbeidsgivere og arbeidsplasser til å tilby attraktive stillinger i kirken.

En viktig målgruppe for rekruttering vil være barn og unge. Den norske kirke konkurrerer i stor grad med andre arbeidsgivere i samfunnet om å få dyktige medarbeidere rekruttert til kirkelig tjeneste.

*Delmålet er nådd.*

## 5. Diakoni

### Hovudmål:

Gjennom omsorgstenesta i kyrkja skal evangeliet bli formidla også ved handling. Kyrkja vil at dette skal skje gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

**Det er Kyrkjerådet si oppgåve å følgje opp *Plan for diakoni*, som Kyrkjemøtet vedtok i 2007. Trass små ressursar på diakonifeltet, er det Kyrkjerådet sitt inntrykk at medvitet om og engasjementet for diakoni er aukande.**

631 sokn (50 prosent) har ved utgangen av 2013 diakonalt tilsette. Det er ei auke på fire prosent siste år. 676 sokn (54 prosent) har vedteke lokal plan for diakoni. Auka er på to prosent siste år. Talet på sokn som har diakonalt tilsette og sokn som har vedteke lokal plan for diakoni har altså hatt ei svak auke. Nokre sokn har fått ressursauke gjennom samhandlingsreforma. Det viser seg krevjande å arbeide med lokale diakoniplaner utan lokalt mannskap.

### Fleire diakonistillingar – Samhandlingsreforma

Delmål	Bidra til diakonal utvikling i tråd med <i>Plan for diakoni</i> og med særleg vekt på Samhandlingsreforma
Resultatmål	Å starte forprosjekt om Samhandlingsreforma og lokalkyrkja og starte prosess med å utvikle Kyrkjemøtesak om kyrkje-helse
Indikator	At arbeidet er starta og at det ligg føre skriftlege utkast

Ei auke i preste- og diakonistillingar har i fleire år vore blant Kyrkjerådet sine tre prioriterte områder i budsjettbrev og budsjettsamtaler med styresmaktene. Kyrkjerådet har her vist til den raudgrøne regjeringa sine eigne ambisjonar i regjeringserklæringa frå 2009. Løyving til fleire diakonistillingar har likevel venta på seg, men i Statsbudsjett 2014 kom endeleg statstilskot til 10 nye stillingar. Løyvinga krev lokal delfinansiering.

Den statlege Samhandlingsreforma trådde i kraft 1. januar 2012. I samband med den har Kyrkjerådet arbeidd med å synleggjere trong for fleire diakonstillingar. Reforma sitt mål er at pasientar skal få betre tilpassa og koordinerte teneste, og at det skal leggjas meir vekt på førebygging. Samhandlingsreforma opnar for utvikling av samarbeid mellom kyrkja si omsorgsteneste og lokal helseteneste.

Nokre få diakonstillingar er så langt oppretta i samband med Samhandlingsreforma.

Eit første utkast til prosjektrapport om Samhandlingsreforma og lokalkyrkja ligg føre. Før utkastet blei skrivne, har det vore ein brei prosess og fleire seminar er blitt arrangert. Arbeidet med kyrkjemøtesak om kyrkje-helse er allereie i gong.

## Kriseberedskapen i kyrkja

Delmål	Bidra til at beredskapen i kyrkja og tenester ved katastrofar og ulukker fungerer tilfredsstillande
Resultatmål	Følgje opp bispedømmenes lokale planar ut frå ny mal
Indikator	Nye maler er utarbeidd og lokale planar er ferdige, gjennomgått og lagt ut på nettet

Kyrkja si beredskap og teneste ved katastrofar og ulukker skal fungere godt, og det er gjennomført mange tiltak for å få til dette. Det er inga systematisk rapportering på dette feltet, men tilbakemeldingar tyder på at Den norske kyrkja er ein god samvirkeaktør ved aktuelle hendingar.


Lokale planar som er utvikla frå felles mal er lagt ut på nettet i ti bispedømmer.

## Førebygge overgrep

Delmål	Bidra til å førebygge overgrep i kyrkja, arbeide for gode rutiner for handtering av overgrepssaker
Resultatmål	Evaluere og leggje til rette for vidareføring av kontaktpersonordninga og bidra til kompetanseauke
Indikator	At ny avtale om kontaktpersonordninga kjem på plass . At «Øvingsverkstad» - som set ulike lys på problematikken - blir formidla i begge arbeidsgjevarliner

Ein har gjort mykje arbeid for å førebygge overgrep i kyrkja og samstundes få gode rutinar for handtering av overgrepssaker. Samordna rapportering frå begge arbeidsgjevarliner syner at det blir færre kjente overgrepssaker. Kyrkjeleg Ressurscenter mot vald og seksuelle overgrep er Den norske kyrkja sitt fremste fagmiljø på feltet og medverkar til at måla blir nådd.

Nye avtaler mellom KA – Kirkens arbeidsgiver- og interesseorganisasjon, Kyrkjerådet og Bispemøtet om kontaktpersonordninga for personar som er utsett for seksuelle overgrep, er underskreve. Kontaktpersonen skal vere til støtte for den utsette når eit overgrep har funne stad. Eit gjennomarbeidd «Øvingsverkstad» er sendt ut.



## Inkludering

Delmål	Bidra til at Den norske kyrkja skal inkludere og vere lagt til rette for menneske med nedsett funksjonsevne og menneske med utviklingshemjinger
Resultatmål	Bidra til at Den norske kyrkja skal inkludere og være lagt til rette for menneske med nedsett funksjonsevne og menneske med utviklingshemjinger.
Indikator	Rettleiinga blir utgitt og lanserast

Gjennom mange år har kyrkja drive pionerarbeid for likeverd, inkludering og tilrettelegging for menneske med utviklingshemjing. Hjelp til å praktisere eiga tru og livssyn gir rett til tilskot frå helsevesenet. Eit rundskriv handlar om dette, og rettleiingsmateriell blei gitt ut i 2013.

Helsedirektoratet, Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn, Norges kristne råd og Kyrkerådet har saman gitt ut rettleiinga. Lanseringa gikk føre seg på ein sjukeheim i Lørenskog i desember 2013. Utsending og kurs skjer i 2014.

Den einskilde kyrkjelyd blir utfordra til å legge forholda til rette for eit godt samspel til beste for den som har behov for assistanse (sak KM 9/12). Den norske kyrkja er representert i Kyrkjenes Verdråds nettverk EDAN (Ecumenical Disability Advocates Network) Dette nettverket arbeider med å famne om alle og leggje til rette for menneske med funksjonshemjinger i kyrkja. Gjennom samarbeidet med EDAN får dette arbeidet i Den norske kyrkje også ringverknader i internasjonal, økumenisk samanheng.

Det skjer mykje lokalt for å utvikle inkluderande fellesskap med større merksemd om samhandling og Samhandlingsreforma. Dette skjer til dømes ved å legge til rette for at menneske med utviklingshemjing kan delta i aktivitetar i kyrkjelyden eller få i stand rusfrie møteplassar for ungdom. Materiale om dette er samla inn og vil bli arbeida med og presentert i ein publikasjon. Denne vil vere klar neste år.

## Kjønn og likestilling

